



Ein av stolpane på lågspenlinja forbi Musland nedre vart broten tvers av i stormen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Stormen har herja skikkeleg på Musland nedre. Fredag kveld ved 21-tida vart ein stolpe på lågspenlinja knekt tvers av.

Leidningane vart liggjande på bakken og to husstandar mista straumen. Først laurdag føremiddag fekk dei att straumforsyninga, etter at Kvinnherad Energi sine folk hadde vore der og laga ei mellombels løysing. Stolpehavariat hadde ikkje konsekvensar for andre i området.

Men Ingolf Musland finn ingen grunn til å klaga over sein service. Han viser til at mannskapa hadde svært mykje å gjera denne kvelden og at straumbehovet ikkje var så presserande på Musland nedre.

Ellers meiner han at denne stormen var litt spesiell i hans område, det verka som om den kraftige austavinden vart kasta attende frå Ulvanåso.

Vinden tok også tak i ein garasjeport og kasta han nedpå jordet – på den andre sida av vegen.

Av Ola Matti Mathisen